

# Kor kjem du *eigentleg* frå?



Eget i diktsamlinga *Kvit, norsk mann* er ein gut med eit liv som liknar livet til forfattaren Brynjulf Jung Tjønn. Guten blir adoptert frå Sør-Korea som treåring, og han veks opp som odelsgut på ein gard på Vestlandet. I fleire av dikta uttrykker guten, og etter kvart den vaksne mannen, eit sterkt ønske: Å bli ein «kvit norsk mann». Då kan han møte nye folk utan at dei snakkar engelsk til han, han kan sleppe å bli tatt for å vere avisbodet i sitt eige nabolag, eller å bli spurt om han kan opne auga meir når han skal bli fotografert, og ingen vil lenger spørje han kor han *eigentleg* kjem frå. I diktet vi skal lese, stiller dikt-eget dette spørsmålet til «den kvite, norske mannen»:

kjem du frå ei seter oppe i setesdal?  
kjem du frå ein høgdegard  
der ingen skulle tru at nokon kunne bu?  
kjem du frå ei veglaus bygd inst i ein fjordarm?  
eller kjem du frå havet?  
steig du opp frå havet  
og krabba i land ved norskekysten?  
hadde du restar av olje i det lyse håret ditt?  
hadde du laks symjande i dei blåe auga dine?



kor kjem du *eigentleg* frå  
kvite, norske mann?

eg veit ikkje kor eg *eigentleg* kjem frå  
men eg veit at eg ikkje  
avfyrte ei bombe i regjeringskvartalet  
ikkje prøvde å skyte gamle menn  
i ein moské  
og eg veit at  
viss eg hadde hatt ein stebror  
ein kvit, norsk stebror  
så kunne han ha skote meg  
på mitt eige soverom  
fordi eg ikkje var  
ein kvit, norsk mann

Frå Brynjulf Jung Tjønn: *Kvit, norsk mann*. Cappelen Damm, 2022.

## Oppgåver til samtale om diktet

- 1: Har du nokon gong blitt spurt om kor du *eigentleg* kjem frå? Kva betyr det når nokon spør om dette? Kvifor kan det vere irriterande, provoserande eller vanskeleg å svare på? Kan spørsmålet vere godt meint?
- 2: I diktsamlinga *Kvit, norsk mann* uttrykker fleire av dikta frustrasjon over å bli spurt kor ein *eigentleg* kjem frå. I diktet ovanfor spør eget «den kvite, norske mannen» kor *han* eigentleg kjem frå. Kva veit vi frå naturfag eller historie om kor den «kvite, norske mannen» *eigentleg* kjem frå?
- 3: Diskuter påstanden: Alle i Noreg er innvandrara.
- 4: Eget spør den kvite, norske mannen om han kom frå havet, med «restar av olje i det lyse håret» og «laks symjande i dei blåe auga». Korleis tolkar du desse bileta? Er dei humoristiske og ironiske? Kven eller kva gjer diktet i så fall narr av? Har bileta ein annan effekt?
- 5: Kva for to konkrete terroråtak viser diktet til? Kva med referansen til «stebroren»? Kva har desse åtaka og drapa til felles?
- 6: Som sagt heiter denne diktsamlinga *Kvit, norsk mann*, og i samlinga møter vi ein gut som uttrykker at han ønsker å bli nettopp det. Kva kan dette diktet seie oss om kvifor nokon kan ha eit slik ønske?

